

Glamastadhæ – Øverhaugen - Bratberg (gnr. 22)

I erkebiskop Aslak Bolts jordebok frå kring 1450 er det under overskrifta ”Vingrom i Gudbrandzdalom” nemnt fleire gardar og mindre bruk som da alle låg til erkebispestolen i Nidaros. blant desse gardane var og ein Glamastadhæ. Av landskylda går det vidare fram at dette Glomstad måtte vera ein mellom stor gard. Men kvar låg denne ”bortkomne garden Glomstad” her i Vingrom? Her skal vi først med ein liten studie freiste om vi kan stadfeste han.

Ved reformasjonen i 1536 vart erkebispegodset lagt til Kongen og administrert under Akershus len. Etter det blir det da truleg at ein kan finne att t.d. grd. Glamastad omtala i Akershus lensrekneskap. Og ganske riktig: I denne store og nokså innfløkte kjelda finn ein så etter kvart også denne bortkomne garden i Vingrom fleire stader og fleire gonger nemnt: I Akershus lensrekneskap for 1557-58 er det såleis under Fåberg nemnt ein gard ”Glumestadt” da av skyld 6 kalveskinn og 18 merker fisk. Ein merker seg at dette nettopp gjeld ”Ophørsell aff erkebispens godtz syndennfieldtz”. Ein merker seg og skrivemåten av gardnamnet, som her er ”Glumestadt” og dermed viser til at førsteleden i namnet kan vera mannsnamnet Glum, som truleg just er det rette. Vidare går det fram at storleiken på landskylda framleis høvde for ein mellomstor gard.

I eit vedlegg til Stifteboka frå 1577-78 er det under ”Ødegaarde og smaa Parter” ført ein gard ”Glimstادت, Erkebispens gods, 1 hud” som svarar til 6 skinn og 18 merker fisk. Det eine med det andre talar sterkt for at visst må dette vera den same garden i den same grenda som i erkebispens jordebok er kalla Glamastadhæ. Men etter 1578 blir så gardnamnet borte og er heller ikkje å finne fleire gonger nemnt i Lensrekneskapen. Det er mogleg at Glomstad i denne tid låg som slåtte- og beiteland under nordre Hov i Vingrum.

Men i manntalet for den ekstra Kopskatten 1645 kjem det så inn eit nytt gardnamn i Vingrom, nemleg ”Brattaberg”, der Arne da var brukar og betalde den utskrevne ekstraskatten for seg og kona si med tilsaman 1 mark. Ein merker seg vidare at næraste grannane var Oluff Hauge, Alff Vottestad, Oluff Furru og Jon Raffneberg. Det med ein gard av namn Hauge like ved har her ei eiga interesse.

Tolv år seinare var det i 1657 Holm som var vorte brukar på Bratberig, og det er oppgitt at buskapen hans der på garden var 1 hest, 4 naut, 4 geiter og 3 sauer. - År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane, og det er da vidare fortalt om Bratberig, at garden framleis tilhørde Kongen og at ”Holmb” framleis var bygslar og brukar der. Landskylda var da 6 skinn eller ½ hud, men kunne og svarast med 1 ½ bismerpund smør. Buskapen av store husdyr hadde da auka til 2 hestar, 8 naut, og korntienda vart uttreidd med ½ tønne setting, som altså svara til ei årsavling på 5-6 tønner. Dessutan er det og fortalt at enga, innmarka var ”Temmelig”, at det var skog nok til gardsbruk, og at Bratberg alt da hadde seter og sommerbeite for krøtera på Svesetra.

Frå 1674 er ei opplysande sak som etter utskrift av tingboka er referert slik: ”Bratberg i Faaberg. Mellem i Faaber 1. juni 1674. Kgl. Mayts pl. Bratberrig er av forrige besidders enke oppgivet. En karl har tilbudt sig at bruge den efter vilkaar indgaat med kvinden. Fogden spurte om nogen av Kongens utskrevne soldater vil anta plassen paa samme vilkaar”.

Av Rulle over Gudbrandsdalens fogderis soldatlegder 1693 går det dessutan fram at grd. Bratberig da hørde med i 3. legd i "Faaberg Sogn" saman med Borud, Boleng og Mellem. og at den rulleførte soldat på Bratberig da var "Jacob Johannissen, bundesøn, 22 år".

Av 3 år seinare er ei anna opplysende sak, som og etter utskrift av tingboka har denne ordlyden: "Bratberg i Faaberg. Bolling i Faaberg 25. juni 1696. Skjøte fra kaptein Jens Legemd til Nils Jacobsen Smit på grd. Brattberig av skyld 6 skind med bøksel. Dat. 30. novbr. 1695".

Det eine med det andre viser tilbake til at Bratberg før hadde vore krongods og før det truleg erkebispegods.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Bratberg" fortalt at oppsittaren da ganske rimeleg heitte Jacob Johansen, og at han var både eigar og brukar av Bratberg. Buskapen der var da 2 hestar, 8 naut, 7 sauer og 6 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 2 ½ tønne bygg. Om garden er det elles oppgitt at han ligger i baklia og er tungbrukt. Men det hørde skog til garden, både til "Brenneved og gjerdefang, samt huustømmer". Dessutan hadde setra god hamn og slåtter til 1 lass høy.

Men i 1729 var husbonden Jacob Johansen død, og det var dødsbuskifte på "Bratberg i Lilleh. i Faaberg". – Ved dette skiftet var jordegodset Bratberg av skyld 6 skd. medregistrert i buet som dermed utgjorde brutto 155 rd. og netto 64 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Kari Jensdtr. det 6 borna i ekteskapet. Av dei var det 4 gutar og 2 jenter, nemleg: 1. Johannes, som da var trulova med Beret Pedersdtr. og var 25 år, 2. Jens, 20 år, 3. Ole, 18 år, 4. Christen, 16 år, 5. Mari, 28 år, Rønnaug, 26 ½ år.

I 1743 var det Johannes Jacobsen som hadde tatt over og var eigar og brukar av Bratberg. Han hadde da lånt 60 rd. av Christopher Boleng mot pant i grd. Truleg skulle pengane eller iallfall ein del av dei brukast til nybygging eller restaurering av husa på Bratberg eller "i Øverhaugen" som bygdefolket og kalla garden. - Fåberg kyrkjebøker fortel elles at husbondsfolka Johannes og Berit Bratberg i sitt ekteskap hadde 5 born, og at dei var: a. Jacob f. 1732, b. Kari f. 1735, c. Peder f. 1740, d. Guri f. 1742, e. Marit f. 1745.

Men året etter, altså i 1746, selde Johannes Bratberg garden til Svend Svendsen Korgen for kjøpesum 120 rd. + føderåd. Samtidig er det og fortalt at kjøparen Svend Svendsen lånte 40 rd. av sokmepresten i Fåberg i den tid, Niels Stochflet, mot årleg rente 5 % og 1. pr. pant i den "tilforhandlede gaard Bratberg skyldende med bøxel 6 skind".Obligasjonen vart elles avlese alt i 1751.

Svend Svendsen, som i 1746 kjøpte grd. Bratberg ell. Øverhaugen, brukte så garden til i 1753, da han skjøta garden vidare til Hovel Pedersen Lille-Hellerud på Biri. Dette skjøtet, som elles gir fleire opplysningar om garden, har etter utskrift av panteboka denne ordlyden: "Bratberg. Skjøte dat. 3. mai 1753 tgl. 18. juni s. å. Fra Svend Svendsen Bratberg, nu boende på Houg i Esvold sogn til Hovel Pedersen Lille Hellerud av Biri prestegjeld på hans eiende og ved skjøte av. 26. mars 1746 hjemlede og årlig skyldende 6 skind med bøxel for sum 260 rd. Kjøperen har å svare det ved gården heftede føderåd som selgeren ved kontrakt av 26. mars 1746 hadde tilforbundet sig å svare til de gamle folk Johannes Bratberg og hustru".

Den nye husbonden Hovel Pedersen Bratberg hadde elles ikkje grd. Bratberg meir enn i 4 år til i 1757, da han skjøta eiendomen over til Peder Johansen på Bratberg og kona hans som var odelsarving til garden. Kjøpesummen var da 260 rd. og føderåd til svigerforeldra.

Her tek vi elles med formularen for eit pantebrev frå denne tid. Det lyder etter utskrift av panteprotokollen slik: Bratberg. Pantebrev dat. 14. april 1757 tgl. 18. juni s. å. Peder Johansen Bratberg av Faaberg prestegjeld har lånt 295 rd. av Christopher Boleng, som han lover å betale efter ½ års opsigelse på enten av sidene, og imidlertid svare årlig lovrente 4 %. Til kreditors sikkerhet for kapital med renter og omkostninger pantsetter han med 1ste prioritets ret sin eiende gård Bratberg av skyld 6 skind tillikemed alt sit løsøre og bohave”.

Peder Johansen og hustru hadde likevel ikkje odelsgarden Bratberg lengre enn i 15 år. Da selde dei i 1772 grd. Bratberg, framleis av skyld 6 skinn, til Erich Evensen Rinden for kjøpesum 700 rd. + føderåd til ”den gamle føderådsmann Johannes Jacobsen”. - Kjøparen Erich Evensen hadde så sjølv garden til i 1782, da han skjøta grd. Bratberg over til sonen Ole Erichsen for kjøpesum 540 rd. + føderåd ”av garden Bratberg i Faaberg prestegjeld”.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 1 familie på Bratberg. Dei var: 1. Ole Erichsen, husbonden, 48 år, 2. Anne Evensdr., kona hans, 55 år, 3. Even Olsen, sonen deres, 17 år, 4. Erich Olsen, sonen deres, 15 år, 5. Mari Olsdr., dotter deres, 21 år, 5. Anne Olsdr., tenestkvinne, 36 år.

Av år 1804 er ei fledføringskontrakt, som vi her tek med etter utskrift av panteprotokollen. Kontrakten har elles denne ordlyden: Bratberg. Fledføringskontrakt Dat. 1804, mai 9. Tgl. 16. juni s. å. fra Ole Erichsen Bratberg til Rasmus Joensen Lillehammer, hvorved førstn. tilstår sistn. føde og pleie på Bratberg så lenge han lever. Dessuten skal han ha 4 rd. årlig i håndpenge. Herimot skal Ole Erichsen (eller hvem som da eier gården) nyde alle Rasmus Jensens ting og efterladenskaber, når han er død.”

Av år 1809 er ein annan kontrakt, som her er av interesse, og som etter utskrift av tingboka i utdrag har denne ordlyden: ”Bratberg. Kontrakt Dat. 1809, desbr. 7. mellem følgende gårder: Vignes, Øhre, Wottestad, Bolleng, Bratberg, Mælum og Furu vedr. skoghugst i sameiemark, og hvorved enhver gårds strekning blev bestemt.”.

Same året, altså i 1809, gav og husbonden Ole Erichsen Bratberg skjøte til sonen sin Even Olsen på grd. Bratberg, framleis av skyld 6 skinn for kjøpesum 600 rd. + føderåd til foreldra sine, Ole Erichsen og Anne Evensdr., + føderåd til dei ”av og på denne gård”.

Fire år seinare var det i 1813 eit skifte på ”Bratberg i Lillehammer, Faaberg”, der det skriftleg er opplyst at garden og ”Kaldes Øvrehaugen.” – den døde der var da Kari Iversdr., som hadde vore gift med Peder Christensen, og det er vidare fortalt at arvebuet utgjorde brutto 264 rd. og netto 163 rd., og at avdøde Kari og Peder hadde 1 barn, nemleg dottera, Johanne, som da var 4 år.

Same året var det og den 13. juni 1813 avsluttande arveskifte på ”Bratberg i Lillehammer, Faaber” i buet etter føderådsmannen Ole Erichsen, der det m. a. da er opplyst at dottera Mari Olsdr. Bratberg var gift med Jon Olsen Hattestad.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Øverhaugen” oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 2 hestar og 12 naut,

og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 30 tønner. Elles er det og fortalt at Bratberg da hadde 1 husmannsplass, truleg Bratbergsenga.

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei ny matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling, og Bratberg (Øverhaugen) fekk da som si matr.skyld: 3 skylddalar 4 ort 22 skilling, og det var da framleis odelsarvingen Even Olsen som var eigar og brukar av Bratberg. – Men 10 år seinare skjøta så i 1848 faren Even Olsen odelsgarden Bratberg til sonen Ole Evensen.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om ”Bratberg” oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 179 mål, og av dette var 41 mål av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet på Bratberg med plassar da var 2 hestar, 13 storfe og 35 småfe, og at den årlege utsæd tilsaman var 1 ½ tønner korn og kring 7 tønner settepoteter.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark- og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. – ”Bratberg, Øverhaugen” fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 22, av samla skyld 5,77 mark, og det var da framleis Ole Evensen som var eigar og brukar av gnr. 22 brn. 1 Bratberg, Øverhaugen.

Året etter var garden i 1887 atter på handel, og husbonden Ole Evensen selde da garden til Otto P. Hoff for kjøpesum kr. 2000,- + eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 1200,-. I motståande skjøte forplikta elles kjøparen Otto P. Hoff seg til ikkje å selja noko stykke av garden før sonen hans, Ole Bratberg, hadde oppnådd ein alder på 23 år. Dette hadde sikkert sin grunn i at kjøparen Otto P. Hoff var gift med odelsarvingen til Bratberg, nemleg Anna Bratberg f. 1850.

Fjorten år seinare var det i 1901 skylddelingsforretning på Bratberg, og eit grn. 22 brn. 2 Bratbergsengen av skyld 0,72 mark vart da fråskilt garden og selt til Peder Kristiansen. Etter atter 9 år var det elles i 1910 atter skylddeling på Bratberg, og eit brn. 3 Bergumsenga av skyld 0,17 mark vart skyldsett ifrå.

Ole Hoff f. 1877, som er gift med Marit Halvorsdtr. Aukrust f. 1890, og dei har sonen Otto f. 1926.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det da to bruksnummer med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar) under grn. 22 Bratberg. Dei to bruksnummer var: a. Grn. 22 brn. 1 Bratberg med eit jordbruksareal på ca. 70 mål, som Ole Hoff framleis var eigar og brukar av, b. grn. 22 brn. 2 Bratbergsengen med eit jordbr. areal på ca. 22 mål, som Kristian Bratbergsengen var brukar av.